

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsfråsegn frå Sunnfjord Folkehøgskule om Forskrift til Folkehøgskolelova

Styret for Sunnfjord Folkehøgskule viser til brev av 11.10.05 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med framlegg til nye forskrifter til Folkehøgskolelova av 6. desember 2002.

Styret takkar for at det blir gitt høve til å komme med tilsvaret og ønskjer å uttale følgjande:

Utforminga av den nye lova med forskrifter er enkel og gir skulane både fridom og ansvar. Det var også intensjonen. Men ei slik lov krev også ein viss fleksibilitet i forvaltninga, og tid til å klargjere både rammer og aktivitet innanfor desse..

Departementet legg m.a. erfaringar av tilsyn på folkehøgskular og ECON-rapporten til grunn for endringsframlegget. Men rapporten peikar også på at dei fleste folkehøgskulane som var med i utvalet, held seg innanfor dei rammene som regelverket gir.

Styret meiner difor at nemnde rapport gir eit for tunt grunnlag til å vurdere kortkursverksemda i folkehøgskulen på.

Styret meiner noverande forskrifter er gode og tenlege for folkehøgskulen.

Til einskildpunkta:

§ 3 Kunngjering av kurs

Styret støttar at kurs i folkehøgskulen skal vere opne for alle, men departementet si forståing av *open for alle* kan føre til at enkelte grupper i realiteten blir utestengde frå folkehøgskulen. Viss departementet pressar uttrykket til å gjelde kvart kurs, vil det virke mot målsetjinga. Det er ikkje mogleg å ivareta alle faginteresse, tilretteleggingsbehov og differensiering på eitt og same kurs. Målet kan ikkje vere at alle enkeltkurs skal vere opne for alle, men at summen av kursa opnar folkehøgskulen for fleire.

Det må vere rom for å arrangere samarbeidskurs og kurs for spesielle målgruppe. Departementet oppfordra folkehøgskulane for nokre år sidan til å arrangere kurs for afasiramma. Desse vil ikkje kunne delta på vanlege kurs på folkehøgskulen utan at kursa er tilrettelagt. Både det faglege og sosialpedagogiske er svært viktig for desse deltakarane som ofte er isolerte i kvardagen. Dette som eitt eksempel.

Styret meiner ein må bruke sunn fornuft i tolkinga av formuleringa *open for alle* slik det var tenkt og klårt uttrykt frå departementet si side første gongen formuleringa vart brukt. Dette har vore ei felles forståing seinare. I denne forståinga låg det også at folkehøgskulane kan gjennomføre kortkurs for bestemte målgrupper og samarbeidskurs.

§ 4 Kursordningar

b) Kortkurs

Styret finn ikkje logikk i og god pedagogisk grunningjeving for at det berre skal bli gitt tilskot til kurs som føregår i Noreg. Uttrykket *i Noreg* har vorte unødvendig bokstaveleg tolka til å gjelde alle kursa i folkehøgskulen. Det var ikkje meininga under førearbeidet til den nye lova. Reisekurs må ha eit større perspektiv over seg. Det blir i stor grad understreka av folkehøgskulane sitt aukande globale engasjement, og at det vil bli lagt større vekt på internasjonalisering i undervisninga i framtida.

Vi ser det som sjølvstøtt at alle kurs skal setjast inn i ein pedagogisk samanheng, også reisekurs. Styret meiner at *ein del av opplegget skal leggjast til folkehøgskulen*, men det må ikkje knytast til både føre- og etterarbeid. Det verkar kunstig og opplevast som eit sterkt ønske om å redusere aktiviteten utan god pedagogisk grunningjeving.

Styret ønskjer å halde på noverande ordning, men gjerne med ei presisering med at *ein del av opplegget skal leggjast til folkehøgskulen*.

Styret ser ikkje kvifor departementet vil endre prosenten frå 35 til 50 % som eigne lærarar må ha av den samla kursverksemda. Dersom det er for å styrke forankringa til folkehøgskulen, vil det betre kunne skje ved å knyte prosentsatsen til kvart kurs. Styret gjer framlegg om at personalet ved folkehøgskulen må ha minst 20 % av opplegget på kvart kurs. Prosentsatsen bør ikkje vere høgre. Dette er likevel ei innskjerping.

§ 7 Rapportering av elevtal

Styret meiner vi må halde på 1. oktober som rapporteringsdato.

Stortinget har fastsett rapporteringsdatoen til ein dato, 1. oktober. Vi reknar med det er bindande sidan Stortinget i Innst. O nr. 85 til folkehøgskulelova har påpeika ein teljedato. Vi ser dette som den beste ordninga.

Styret ser ikkje at det er gode grunnar for å endre på omrekningsfaktoren som konsekvens at elevtalet på kortkurs vil gå ned. Kortkursa sin del av den samla kursverksemda er berre på 15 %, og elevtalet på langkurs har dei siste åra vore stigande. Forholdet mellom langkurs og kortkurs ligg godt innanfor lova si ramme i § 2 d.

Folkehøgskulane vart i folkehøgskulelova av 1985 oppmoda om å legge til rette for kortkurs på skulane for å nå nye målgrupper og vere eit pedagogisk ressurscenter for nærmiljøet. Mange folkehøgskular har teke konsekvensen av det.

Styret vil også peike på at ECON-rapporten viste til ein positive samanheng mellom korte og lange kurs der kortkurs bidreg til fagleg utvikling som kjem langkurs til gode.

Dersom departementet endrar omrekningsfaktoren slik det er gjort framlegg om, vil dette hindre skulane i å gjennomføre små kurs som er viktige både pedagogisk og ideologisk. Desse kursa har vore eit viktig bindeledd mellom skulane og lokalsamfunnet.

Styret meiner det er avgjerande for kursverksemda at noverande omrekningsfaktor blir ført vidare.

§ 8 Elevar som tel dobbelt

Styret er samd med departementet i at redusert funksjonsevne i seg sjølv ikkje utløyser dobbelteljing. Vidare meiner styret at det må ligge føre dokumentasjon på redusert funksjonsevne hos eleven og korleis denne ressursen er brukt for den enkelte eleven det gjeld. Men om det er trong for støttetiltak og korleis den skal leggjast opp, må den enkelte skule avgjere.

Enkelte kurs for funksjonshemma er svært ressurskrevjande og krev at avgrensinga til tal dobbelteljande elevar ikkje blir sett til 50 %.

Departementet må ikkje eitt år oppfordre skular til engasjement og gi støtte til slike pedagogiske opplegg, og så i neste omgang ta bort grunnlaget for drift slik det kan skje i forhold til dei før nemnde kursa for afasiramma og liknande kurs. Dette vil i alle høve utgjere berre ein liten del av kursverksemda.

Styret ønskjer å halde på ordninga der det på spesielle kortkurs for grupper av funksjonshemma ikkje gjeld avgrensingar.

§ 9 Tilskotsmodell

Det er vanskeleg å sjå at framlegget til endring av tilskotet per elev som departementet legg fram, vil bli enklare og betre for skulane enn noverande ordning. Det er også umogleg å sjå kva konsekvensar omlegginga vil føre til med to tilskotssatsar. Truleg vil det føre til endring av fordelinga mellom skulane.

Styret støtte ikkje framlegget til endring av modellen for tilskot per elev, men vil halde på ordninga med relasjonstal (omrekningstal) * elevtal* kronesum. Dette har tradisjonelt også gitt rammetimetall som viser kva undervisningsressurs skulane bør bruke. Vi opplever dette som ei god kvalitetssikring.

Sjølv om staten ikkje lengre har ansvar for kva ressursar som blir brukt til undervisning, bør det vere av interesse at forskriftene legg til rette for å sikre kvaliteten i skuleslaget ved å vise kva forventingar ein har til undervisningsressursbruk.

Vi ønskjer å halde på noverande ordning med tilskotet per elev knytt til relasjonstal (2,4 inntil 75 elevar og 1,7 over 75) multiplisert med ein kronesum.

Styret er kjend med Folkehøgskulerådet si formulering til nye forskrifter og støttar den.

Forslag til rundskriv


Styret meiner at med nye forskrifter slik dei no kan bli utforma, bør det ikkje vere grunn for å sende ut eit rundskriv med forklarande tekst til ordninga for elevar som tel dobbelt.

Alle andre dokumentasjonskrav departementet set til skulane, bør samlast i eitt dokument. Då blir det oversiktleg og brukarvenleg for skulane.

Førde 31.01.06

Med helsing

Per Ingolv Nygård /s/
styreleiar


Leon Haugsbø
rektor